

Artistane til Lambasleppet er klare.

11.05.2016



Prisvinnarane under Lambasleppet 2015.

Årets artistar til Lambasleppet er klare!! Festidalen har nytt vinteren og våren til å saumfare dei musikalske ungdomsmiljøa i området. Vi har oppsøkt øvingslokala og tilbragt kveldar og netter i garasjar og lører, vi har lytta til tonnevis med sugande riff og beats frå lovande ungdomar i regionen, og vi har sett ungdomsleg kreativitet i musikalsk utfaldning.

Vi er stolte av å presentera dei sju band/artistane som får stå på scena i Uskedal laurdag 6.august 2016. Dei utvalde som får stå på Lambasleppscena er:

Edith Emilie Backer-Owe frå Odda. Med ei stemme og ein musicalitet som gir assosiasjonar til band som Daughter og Ben Howard. Ho kjem på scena med flett nytt og eigeprodusert materiale.

Amund Håland Trio frå Tysvær spelar eksperimentell blues/ jazz/ folk/ reggae/ country.

Andreas Bjørsvik frå Valen jobbar med eigen EP og vil presentare materiale fra den.

Den 17 år gamle valebuen Bjarne Trondsen med artistnavnet CT har drevet med rap i 7 år.

Pop/rock bandet Folty Loft med vokalisten Lars Jacob Eide Helland frå Fitjar vart danna for om lag 3 år sidan, då fire lærarstudentar fann kvarandre i musikkundervisninga. Bandet består av Ola Rui Nygård (trommer), Theodor Ikonomou (gitarist og låtskrivar), Fredrik Bjerkeli (bass) og Lars Jacob Eide Helland (vokal og gitar).

Bandet Like a Great Big Sexy Genius består av Felix Lerengen (Vokal), Espen Johnsen (Gitar) frå Sunde i Kvinnherad , Stian Rostad (Gitar), Fredrick Mulligan (Bass), Esbjørn Nes Kolstad (Trommer). Lyden kan definerast som alternativ rock på kanten til metall, med inspirasjon frå blues og prog.

Møblos frå Odda er eit eksplosivt hard rock band med føttene godt planta i 60 og 70-talls rocken. Bandet består av Patrick Sørensen (Vokal), Odd Erlend Mikkelsen(Gitar), Vegard Strand (Gitar), Jakob Hernar (Bass) og Sondre Utgård (Trommer).



Nettothoughts under Lambasleppet 2015.

Det starta med ein ide- ein visjon. Visjonen var ført vidare, jobba med, den vart gitt næring og kjærleik. Resultatet er Lambasleppet. Festidalen si regionale ungdomssatsing. Vi er stolte av å presentera ferske og up and comming artistar i 2016. Dei skal være med å visa kva regionen vår Sunnhordaland og Hardanger, har å vera stolte over. Festidalen skal lyfta dei opp og visa dei fram. Festidalen gir dei eit springbrett. Dei tar i år sats frå fjøresteinarne i Uskedal laurdag 6.august.

Vår konklusjon er at framtida ser svært lovande ut. Desse unge talenta skal vi hjelpe opp og fram! Derfor har Festidalen etablert Lambasleppet, eit årleg fesjå for våre mest lovande ungdomsband og artistar.

Vi riggar scene i båthamna i sentrum av Uskedalen. Det vert ei profesjonell scene med skikkeleg lyd, vi leikar ikkje butikk. Til denne scena har vi booka Hardanger og Sunnhordland sine mest lovande ungdomsband, og vi rullar dei ut på rekje og rad laurdags ettermiddag, midt i hjarta av festivalen. 7 band og artistar vert presentert i løpet av nokre hektiske timer før vi opnar portane på festivaljordet. Her vil du som publikum kunna nyta den gode stemninga og få med deg det ypparste Kvinnherad har å by på av talent, før du pakkar saman campingstolen din og ruslar opp på jordet for ein perfekt avslutning på ein god dag.

Vi legg alle klutar til for at dette skal bli ei oppleveling både for deg som kjem langveis frå for å oppleva god musikk, men også for banda og artistane som står på scena. Panel av kompetente rådgjevarar som gjev artistane tilbakemelding på spelejobben og råd til vidare arbeid, innspeling i studio, eige festidalenstipend, spelejobb på hundre dagar, ein backstage heilt utanom det vanlege og eige kometansehevningseminar for deltakarne er bare nokre av dei tinga Lambasleppet gjev artistane som står på Lambasleppscena.

Tekst: Festidalen/Siri Rusten

Foto: Festidalen

Nett: Thor Inge Døssland